



Gardsvarmeanlegg – noko for deg? Gratis kurs i januar

Har du ein gard med **stort energibehov** eller ønskjer du å **utnytte eigne skogsressursar** på ein betre måte?

18. januar 2017 kan du lære meir om løysingar og økonomiske stønadsordningar for **gardsvarmeanlegg for flis og ved**.

Om kurset

Kurset er retta mot **bønder og andre som er nysgjerrige på korleis gardsvarmeanlegg fungerer**. Kan dette vere aktuelt for garden din?

Håvard Midtskogen frå Skogselskapet i Oslo og Akershus fortel om **ulike typar anlegg, råstoff, praktiske løysingar og lønnsemd**.

Innovasjon Norge og Fylkesmannen i Rogaland vil orientere om finansiering av bioenergianlegg gjennom [Bioenergiprogrammet](#).

Tid, stad og påmelding

Onsdag **18. januar**, kl. **19 – 22**
Landbrukssenteret, Helleland

Kurset er gratis, men krev **påmelding på e-post** til fmroesc@fylkesmannen.no innan **11. januar**.

Spørsmål?

Kontakt Elisabeth Schmidt hos Fylkesmannen i Rogaland på fmroesc@fylkesmannen.no eller tlf. 51 56 87 84.

Kurset blir arrangert av Innovasjon Norge og Fylkesmannen i Rogaland.